



Stranda kommune  
Øyna 13  
6200 STRANDA

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

## **Stranda kommune**

### **Kommuneplanens arealdel 2020-2032**

### **Fråsegn til offentleg ettersyn - motsegn**

*Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og bygesaker er i samsvar med gjeldande lovverk. Fylkesmannen har i tillegg ansvar for å samordne statlege motsegner.*

Planutkastet til Stranda kommune sin kommuneplanens arealdel er lagt ut til 1.gongs offentlige ettersyn. Samla varsel om oppstart av planarbeid for samfunns- og arealdelen var i 2017, og samfunnssdelen vart vedtatt i kommunestyret 13.02.2019. Stranda kommune er med dette langt på veg med å revidere og oppdatere sine overordna styringsdokument for kommunen, noko som er svært positivt.

Kommuneplanen skal gje rammer for kommunens planar og tiltak, og planar for bruk og vern av areal i kommunen. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen. Kommuneplanen skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg frå statlege og regionale mynde til grunn, jf. plan- og bygningslova § 11-7.

Ein arealdel bør bygge på ein oppdatert samfunnssdel slik Stranda kommune har lagt opp til. Kommunen har også tatt planforslaget opp i planforum, jf. plan- og bygningslova § 5-3 som bidrar til betre samarbeid mellom kommunen og statlege instansar, og betre kjennskap til planen og høve til tidleg medverknad i planprosessen. Rullering av kommuneplanens arealdel er eit omfattande arbeid som skal ivareta mange ulike interesser. Planforslaget har diverse vesentlege manglar som må utbetra. Vi har blant anna vanskeleg for å sjå at planforslaget følgjer opp dei mål og strategiar som er skildra i samfunnssdelen, i tillegg at til at saka generelt er dårleg opplyst med behovsvurderingar, grunngjevingar og vurdering av konsekvensar for den føreslegne arealbruken, jf. forvaltningslova § 17.

Statlege og regionale mynde kan fremje motsegn i spørsmål som er av nasjonal eller vesentlig regional betydning, eller som av andre grunner er av vesentlig betydning for vedkommande mynde sitt saksområde, jf. plan- og bygningslova § 5-4.

Fylkesmannen viser til oppdraget med samordning av statlege motsegner som regjeringa innførte som fast ordning fra 2018. I denne fråsega fremmer vi motsegn på vegne av Norges vassdrags- og energiverk(NVE) og Statens vegvesen.

**Med heimel i plan- og bygningslova §5-4 fremmer vi motsegn til planen på følgjande punkt:**

**NVE:**

- ROS-analysen til planframlegget gir mangelfullt grunnlag for å avklare farar knytt til NVE sine saksområde. Føreslede arealbruk i planframlegget tek etter vår mening heller ikke tilstrekkeleg omsyn til funn som er gjort i ROS-analysen.
- NVE har motsegn til kommuneplanen sin arealdel inn til det er synleggjort at arealbruken som er omfatta av områderegulering for Geiranger (Geirangerfjorden) ikkje er avklara.
- NVE har motsegn til planen inntil faresonenene for flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred er vist med omsynssone *Skredfare H310* med tilhøyrande føresegner.
- NVE har motsegn til planen inntil alle aktuelle aktsemeldskart mot skred er regulert med omsynssone *Skredfare H310* med tilhøyrande føresegn.
- NVE har motsegn til planen inntil faresonenene for skred i brett terreng er vist med omsynssone *Skredfare H310* med tilhøyrande føresegner.
- NVE har motsegn til planen inn til det er gjort vurderingar som dokumenterer at 70 m er tilstrekkeleg byggegrense langs vassdrag med nedbørsfelt > 20 km<sup>2</sup>.
- NVE har motsegn til planen inn til føresegnehene § 2.25 sikrar krav til vurdering av grunnforholda både for tiltak og planarbeid under marin grense.
- NVE tek atterhald om at det er krav til ny områderegulering for dei aktuelle områda som tek i vare kravet til vurdering etter TEK17 § 7-4.
- NVE har motsegn til planen inntil det kjem klart fram av føresegnehene at område som er føreslede til kraftverk og vassforsyning krev løyve etter anna lovverk, og ikkje kan legge føringar for slik handsaming.
- NVE har motsegn til planen inn til framlegg til ny arealbruk i nedslagsfeltet til verna vassdrag er tilstrekkeleg vurdert i høve til vernekriteria for vassdraga og rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. NVE tek atterhald om motsegn til føreslede byggegrenser langs vassdrag til det er gjort betre greie for grunnlaget for desse.
- NVE har motsegn til planframlegget inn til manglande strekning av sentral- og regionalnettutanlegget er tatt med i omsynssone *Bandlegging etter anna lovverk H740*.

Heile fråsegna til NVE ligg som vedlegg, og vi ber kommunen sjå nærmere på grunngjeving for motsegner og faglege råd.

**Statens vegvesen:**

Som statleg fagmynde med sektoransvar innan trafikktryggleik vegtransport:

Trafikktryggleik og SPR-BATP:

- B8, B9 og B10 - Møll
- B7, 1 og 2 - Flydal
- B3 og BKB10 – Ringstadmarka
- BKB6 – Liagarden
- BOP4-1 - Ny barneskule, barnehage og brannstasjon – Ringstadmarka

Manglende grunngjeving og utgreiing:

- BOP4-1 Ny barneskule, barnehage og brannstasjon – Ringstadmarka
- SST 1 og 2 Pendel/gondolbane - Geiranger

Konflikt med nasjonal turistveg:

- BAB3-1 – Korsmyra
- SPA-1 Ørnesvingen

Manglende rekkefølgjekrav i føresegnene:

- BFR5,6,7,8,9,10 og 11 og BTF2,3 og 4 – Hevdalen – eksisterande kryss må nyttast som tilkomst til alle nye utbyggingsområde

Som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innan vegtransport:

Trafikktryggleik og vedlikehald av fylkesveg:

- B8, B9 og B10 - Møll
- B7, 1 og 2 - Flydal
- B3 og BKB10 – Ringstadmarka
- BKB6 – Liagarden
- BOP4-1 - Ny barneskule, barnehage og brannstasjon – Ringstadmarka

Manglende grunngjeving og utgreiing:

- BAP 3-2 Møllsæter
- BOP4-1 Ny barneskule, barnehage og brannstasjon – Ringstadmarka
- SST 1 og 2 Pendel/gondolbane - Geiranger

Manglende rekkefølgjekrav i føresegnene:

- SPA 1 Ørnesvingen – krav om detaljregulering
- BFR5,6,7,8,9,10 og 11 og BTF2,3 og 4 – Hevdalen – eksisterande kryss må nyttast som tilkomst til alle nye utbyggingsområde

Heile fråsegna til Statens vegvesen ligg som vedlegg, og vi ber kommunen sjå nærmere på grunngjeving for motsegner og faglege råd.

### Fylkesmannen:

- Konsekvensutgreiing og planomtale viser ikkje tilstrekkeleg verknader for miljø og samfunn, jf. plan- og bygningslova § 4-2
- BFT6, SHA\_2 (fritids og turistformål, hamn) inntil KU avklarar konsekvensane tilstrekkeleg, jf. plan- og bygningslova § 4-2
- BKB7 (bustad, fritids- og turistformål), av omsyn til svært viktig naturtype gamal barskog
- BKB6 (fritidsbustad, fritids- og turistformål) av omsyn til svært viktig naturtype kalkskog og truga artar
- BKB\_1 (fritidsbustad, fritids- og turistformål) av omsyn til svært viktig naturtype kalkskog
- BAB 3-1 (massedeponi) av omsyn til verdsarv og landskapsvernområde
- SPA\_1 (parkering, veg) av omsyn til verdsarv og nasjonale landskapsverdiar
- V1 og V1 (veg) grunna mangefull konsekvensutgreiing, og konflikt med landskapsvernområde Geiranger-Herdalen
- SST1 og SST2 (gondol og heis), grunna mangefull konsekvensutgreiing for heis og gondol, og konflikt med landskapsvernområde Geiranger-Herdalen for gondol
- BFT, 1-1, 1-2 og BKB9 (fritids og turistformål, fritidsbustad), grunna konflikt med nasjonale landskapsverdiar og statleg sikra friluftsområde. Areal må vesentleg reduserast
- Punkt 3.5.6 i føresegnehene om verna vassdrag inntil kommunen har synleggjort at det ligg ei fagleg god nok vurdering bak byggegrensene som er satt
- BOB\_1 (offentleg eller privat tenesteyting), av omsyn til verna vassdrag
- BAB\_4 (kraftverk) av omsyn til verna vassdrag og verdsarv/nasjonale landskapsverdiar
- BAB\_5 (kraftverk) av omsyn til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, verdsarv/nasjonale landskapsverdiar og verna vassdrag
- B11\_1 (bustad), av omsyn til landbruksinteresser
- BAB 3-2, av omsyn til landbruksinteresser
- BIA\_3 og BIA\_4, inntil KU tilstrekkeleg viser verknadene for landbruksinteressene
- Føresegnehene må sikre buffersone på minst 30 meter til dyrka mark
- B8, B9 og B10 (bustad) av omsyn til *Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging*
- BAB 3.2 (økolandsby), av omsyn til *Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging*
- B7 (bustad), av omsyn til *Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging*
- ROS-analysen tilfredsstiller ikkje kravet i plan- og bygningslova § 4-3
- Plana sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik mot skred, jf. plan- og bygningslova § 28-1 og TEK17§7-3
- Plana sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik mot sekundærverknad av fjellskred (flodbølgje), jf. plan- og bygningslova § 28-1 og TEK17§7-3
- ROS-analysen må dokumentere at 70 meter er tilstrekkeleg avstand frå vassdrag, og dokumentere at det er tilstrekkeleg berre å sette byggegrense mot vassdrag med årssikker vassføring, jf. plan- og bygningslova § 28-1 og TEK17 § 7-2
- Plana må sikre at reell fare for ustabil grunn/kvikkleire skal avklarast seinast på siste plannivå, jf. plan- og bygningslova § 28-1 og TEK17 § 7-3
- Plana må sikre at reell fare for stormflod avklarast seinast på siste plannivå, jf. plan- og bygningslova § 28-1 og TEK17§ 7-2
- Plana må dokumentere tilstrekkeleg tryggleik mot magnetfelt, jf. plan og bygningslova § 28-1

- Det må settast eit generelt krav om at retningslinje T-1442 skal leggast til grunn i alle nye planar og tiltak

## **Faglege råd og nærmere gjennomgang av motsegnene frå fylkesmannen:**

### **Planfagleg og konsekvensutgreiing**

Arealdelen skal bygge på samfunnssdelen, og følgje opp dei viktige utfordringane og utviklingstrekka i samfunnssdelen. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, føresegner og planomtale der det går fram korleis nasjonale mål og retningsliner, og overordna planar for arealbruk, er ivaretatt.

Planen skal vise kva for areal det ikkje kan kome ny utbygging, på kva for areal ny bygging er aktuelt, og samtidig kva for eksisterande utbygde område som kan utviklast, fortettast eller oppgraderast og takast vare på.

I kapittel 3 i konsekvensutgreiinga om vurderingsmetode og datagrunnlag, går det fram at ny arealbruk er vurdert opp mot føringar i planprogram, kommuneplanen sin samfunnssdel, regionale og nasjonale føringar, og at framlegg til arealbruk som strir i mot desse føringane ikkje blir konsekvensutgreidd. Alle framlegg til arealbruk har blitt vurdert administrativt og politisk. Dei forkasta alternativa burde ha vore vist i ein tabell der forslaga blir kort skildra og det blir gitt ei vurdering kvifor forslaga er forkasta. Ei slik synleggjering bidrar til meir openheit om kva for vurderingar som er gjort/prioritert i planprosessen.

Konsekvensutgreiinga bør i utgangspunktet vere ein del av planomtalen. Vi forstår likevel at kommunen har valt å ha konsekvensutgreiinga som eige dokument. Planomtalen burde uansett innehalde ei oppsummering av resultata frå utgreiingane i planomtalen, gjerne som eit eige kapittel.

Kapittel 5 tek for seg samla konsekvensar av planforslaget. Kapittelet er delt opp etter utgreiingstema for arealbruken. Denne omtalen er kortfatta. For både støy og naturmangfold er omgrepet «nokre område» nyttta som skildring av konfliktgrad. Her må konsekvensutgreiinga gå meir i detalj og vise til samla talgrunnlag slik at ein gjer ei framstilling som gir eit godt nok grunnlag for å vurdere samla konsekvensar. Delkapitelet om naturmangfold bør i tillegg ta for seg landskapsverknader. Planforslaget har fleire utbyggingsområde som er lagt i høgt i terrenget, og som vil kunne utfordre landskapsbiletet.

I tillegg bør konsekvensutgreiinga også synleggjere samla konsekvensar for ulike arealføremål. Dette bør leggast fram i eige delkapittel etter utgreiingstema for arealbruken. Her viser vi som eksempel på at konsekvensutgreiinga bør vise samla konsekvensar for den planlagde hytteutbygginga. Ei oppsummering og vurdering av verknadene etter arealføremål er eit viktig verktøy i vurderinga av heilsakplege verknader av arealplanen, og om det til dømes er enkelte utbyggingsfelt som bør takast ut eller endrast for å redusere eventuelle negative verknader.

Det er lagt inn seks NFFFA-område, der det er opna for eksklusiv bruk til akvakultur. Berre arealet ved Urdaneset er konsekvensutgreidd. Tilsvarande gjeld for nye veglinjer. Alle akvakulturanlegg og nye veglinjer som blir lagt inn i plankartet må konsekvensutgreiast. Vi registrerer elles at for gondol i Hellesylt og gondol/heis i Geiranger er det berre traseen som er lagt inn i plankartet og dermed lagt til grunn i konsekvensutgreiinga. Vedtak om nye utbyggingsføremål i kommuneplanens arealdel inneber ei juridisk avklaring av arealføremål. For å kunne ha eit grunnlag for ei slik vurdering må heile tiltaket vere med i planen, og konsekvensutgreiast.

Vi kan ikkje sjå at konsekvensutgreiinga tilstrekkeleg skildrar verknader av nye utbyggingsføremål for miljø og samfunn, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar § 18 og plan- og bygningslova § 4-2. Fylkesmannen viser til merknadane over og reiser **motsegn** til konsekvensutgreiinga. Vi presiserer at alle nye utbyggingsføremål skal konsekvensutgreiast.

Vi vurderer også planomtalen til å vere for kortfatta. Planomtalen står fram meir som ei oppsummering av det som ligg i plankartet, framfor å utdjupe dei vurderingar som ligg bak vala kommunen har tatt.

Til dømes er det lagt ut store areal til kombinert bygge- og anleggsformål i Liabygda utan at dette er nærmere omtala i planomtalen. Vi reknar med at kommunen har ein plan bak det utbyggingsmønsteret ein legg opp til. Også det nye hamneområdet ved Ovråneset burde vere nærmere omtalt i ein større samanheng. Korleis heng dette tiltaket saman med foreslått djupvasskai i Geiranger, samt mogleg framtidig kai ved Oshammaren, som så vidt er nemnt i kapittel 7.6 i plantomtalen? Kva vil ei ny hamn føre til av endringar i trafikkmønster på eit meir overordna nivå, ikkje berre på sjøen, men også på land? Og kvifor har kommunen valt akkurat Ovråneset som lokalitet framfor andre stader? Dette er viktig informasjon for å forstå dei val kommunen gjer, og er også viktig som grunnlag for våre vurderingar av tiltaket. Det går heller ikkje tydeleg fram kvifor kommunen ønskjer å flytte skulen lenger opp i dalen frå Stranda sentrum. Er det berre for å samle skulane, eller ligg det andre vurderingar bak? Kva vil dette føre til i endra trafikkmønster, vil fleire bu nærmare skulen enn i dag, eller omvendt? Dette ser vi som ein gjennomgåande mangel i planomtalen, og gjeld fleire tema og tiltak utan at vi vil nemne alle her.

Av kapittel 6,1 i planomtalen står det at område med krav om fortetting/høg utnyttingsgrad kjem fram i arealdelen og føresegnerne. Vi ser derimot ikkje at dette er følgt opp. Føringerne som ligg i planomtalen er ikkje innlemma i føresegnerne. Det er avsett sentrumsareal, og det er kunn denne som eventuelt viser eit val om fortetting i plankartet. Om kommunen har utarbeidd ein fortettingsstrategi i samband med planprosessen bør dette synleggjera betre i alle plandokumenta. I same kapittel går det fram at utbyggingsmønster i form av frittliggende hytter eller fritidsbustader i rekke i Hevdalen skal avklarast ved regulering. Eit slikt utbyggingsmønster bør vere avklara på eit overordna plannivå, der landskap, natur- og kulturmiljø blir lagt til grunn. Vi rår til at kommunen avgrensar moglegheita for å bygge hytter i rekker til områda som ligg rett i nærleiken av skitrekket, og at føringer for dette blir sikra gjennom kommuneplanen eller i det minste gjennom krav om områderegulering for Hevdalen.

Av kapittel 12 i planomtalen går det fram at det er utarbeidd temakart for kjerneområde landbruk, kulturminne og -miljø, verna vassdrag, skred, reguleringsplanar som skal gjelde før arealdelen og høgspentline. I tillegg ser vi av oversendinga at det er utarbeidd temakart for støy, verneområde og utvalde naturtypar, Gyte- oppvekstområde og fiskeplassar og trafikkulykker. Planomtalen bør oppdaterast slik at alle temakart er med og bør i tillegg utbetrast så dei blir lettare å lese.

Oppsummert finn vi ikkje at konsekvensutgreiinga og planomtalen er i tråd med utgreiingsplikta i plan- og bygningslova kapittel 4, og reiser difor **motsegn** til dette, jf. pbl § 4-2.

Områderegulering Geiranger er sendt til handsaming hos Kommunal- og Moderniseringsdepartementet. Både Fylkesmannen, NVE og fylkeskommunen har uavklarte motsegner til områdeplanen. Dette gjeld motsegn av omsyn til samfunnstryggleik og landskap. Det er sannsynleg at departementet vil avklare motsegnerne til områdereguleringa før Stranda kommune er ferdig med kommuneplanens arealdel. Avgjerda i departementet vil vere avgjerande for kva ein vil opne for i arealdelen, både i Geiranger, og kan hende også andre stader i kommunen. Vi rår difor til

å vente på avgjørda frå departementet før ein landar korleis ein planfagleg skal løyse situasjonen rundt Geiranger-området. Inntil saka er avgjort viser vi til våre motsegn til områderegulering for Geiranger. Desse motsegnene står ved lag og gjeld også for dei same momenta i arealdelen.

#### Føresegner

##### Pkt. 2.4) Unntak frå plankrav

Vi les denne føresegna slik at det er unntak frå det generelle plankravet i føresegn punkt 2.3 for enkelte typar teknisk infrastruktur, samt for nokre tiltak i tilknyting til eksisterande bustad.

Føresegna er formulert til at «alle tiltak skal stor samfunnsnytte». Gjeld dette berre for infrastruktur, eller også for tiltak tilknytt bustad? Og kva er stor samfunnsnytte? Og gjeld avklaring med kulturavdelinga både teknisk infrastruktur og tiltak på bustad?

Pkt. 2.12) bokstav G: *Før bustader kan få bruksløyve/ferdigattest skal leikeplass som naturleg soknar til desse vere opparbeidd.*

«naturlig soknar til» opnar for bruk av skjønn, og er eit uklart vilkår. Vi ber om at kommunen spesifisere kva som er meint med dette. Den same formuleringa går igjen i bokstav N i same føresegn.

##### Pkt. 2.16) Avklaring av eigedomstilhøve

Denne føresegna er heimla i *eierseksjonslova*. Plan- og bygningslova gir ikkje heimel til å fastsette føresegner i plan som regulerer eigarforhold (med unntak av offentleg/privat).

##### Pkt. 2.23) Senterstruktur og handel

Det er litt uklart korleis ein skal tolke denne føresegna. Det går fram at «*det er opna for daglegvarebutikkar i heile kommunen*». Vidare står det at «*det er avgrensingar for detaljhandel elles i kommunen, med maksimal utnytting inntil 3000m2 for dei ulike bygdelaga*». Betyr dette at man har ment å sette dagligvarehandel i ei særstilling ift. annen detaljhandel? Vi kan ikkje sjå at det er rom for å skille ut enkelte varegrupper, skillet må gå mellom detaljvarehandel og plasskrevjande varer. Vi ber kommunen spesifisere kva som er meint.

##### Pkt. 3.1.3 ii) Fritidsbusetnad ved sjø (rorbu)

Det blir her vist til kote 2,6, mens det i pkt. 2.15 er fastsatt kote 2,7.

##### Pkt. 3.1.10 ii) Naust

Føresegna pkt. 2: «*Eksisterande naust kan byggast opp at etter naturskade/brann i opphavleg storleik, innan 5 år etter naust vart øydelagd. Krav om byggjesøknad.*»

Ut frå samanhengen legg vi til grunn at denne føresegna gjeld areal som er vist om naustføremål i kommuneplanen. Ein har då i utgangspunktet krav på å føre opp naust i samsvar med arealbruken. Vi er litt usikre på dette punktet er meint som eit unntak frå 50m2 kravet i punkt 1? Om ein skal gjenoppbygge naust i strid med gjeldande krav til storleik, så må det i så fall handsamast som ein dispensasjon. Og då har dette meir karakter av å vere ei retningslinje for dispensasjonsvurderinga.

##### iii) Flytebrygger

Pkt. 2 «*I offentlege friområde kan det tillatast utlagt flytebrygger som tener ålmenta, til dømes badebrygger og gjestebrygger og liknande. Slike tiltak krev søknad om dispensasjon.*»

Denne føresegna er uklar. Enten er det her tale om å opne opp for slike tiltak innanfor offentlege friområde, og då er det ikkje krav om dispensasjon. Eller så må dette gjerast om til ei retningslinje for dispensasjonsvurderinga.

At planforslaget har store manglar gjer at det er vanskeleg å få ein god oversikt over kommuneplanen sin arealDEL og verknadene for miljø og samfunn. Kommunen må gjere ein jobb og utbetre dette vesentleg. Vi er usikre om vi har fanga opp alle moment, og gjer merksam på at det ved revidering av plandokumenta kan føre til at også nye problemstillingar blir synleggjort slik at vi vil kunne reise motsegn til nye punkt.

## Natur- og miljøvern

### *Naturmangfald*

Gjennom plan- og bygningslova har kommunane eit svært viktig verktøy for å ta vare på natur. Summen av enkelttiltak etter plan- og bygningslova former i stor grad korleis samfunnet vårt blir og korleis naturmangfaldet blir ivaretatt, både på kort og lang sikt. Planlegging for bustadbygging, næringsutvikling, samferdselsanlegg mv. som også varetak omsynet til naturmangfald, forutset god samhandling og bevisst prioritering i arealforvaltninga. Både samfunns- og arealdelen er veleigna for langsiktige prioriteringar på eit overordna nivå, for også det å bevare viktig miljøverdiar.

Det er lagt inn omsynssone for verneområde og utvalde naturtypar. Vi rår også kommunen til å legge inn omsynssone for naturtypar av viktig og svært viktig naturtype i plankartet. Om kommunen vurderer dette til å gjere plankartet vanskelegare å lese, kan dette eventuelt leggast inn i temakartet.

Samfunnsdelen viser til at natur og friluftsliv står sterkt i kommunen og at ei sentral utfordring er eit «*aukande press på natur, miljø, infrastruktur og friluftsliv ved aukande turisme*». Kommunen har eit ønske om vekst av turistnæringa, men at det skal skje på ein berekraftig måte, med målet «*ein harmonisk vekst for både natur og samfunn*».

Samfunnsdelen viser blant anna til at hytteturismen er viktig, og at kommunen ønsker ein vidare vekst i talet på fritidsbustader. Det er påpeika at veksten skal skje på ein kontrollert måte gjennom arealdelen og andre arealplanar. Planomtalen viser til store arealreservar for hyttetomter i alle bygdelag i kommunen. I tillegg legg planforslaget opp til omfattande utviding av hyttefelt, då særleg i Hevsdalen og Liabygda. Vi ser ikkje at kommunen har følgt målsettinga si med ein kontrollert utviding av hyttebygging då det til saman utgjer store areal. Kommunen bør prioritere sterkare kor ein ønsker hyttebygging, der ein enten kan ta ut nokre areal eller stille rekkefølgjekrav for utbygging av felta. Slik sett risikerer ein ikkje å ta hol på store areal, får konsentrert inngrepa og tar vare på større delar av natur- og friluftsområda i kommunen.

Vi ser heller ikkje at kommunen har følgt opp målsettinga si frå samfunnsdelen om at utbygginga skal skje på ein berekraftig måte. Til dømes har ein lagt ut fleire hytteområde i Liabygda i konflikt med viktige naturtypar. Ein har vidare lagt inn fleire utbyggingsføremål i landskapsvernområdet som utfordrar verneverdiane, naturmangfald, verna vassdrag og landskapsverdiar.

### *Friluftsliv*

I vår fråsegn til planstrategi av 02.02.2017 og til varsel om oppstart av planarbeid av 29.03.2017 rådde vi til det vart gjennomført kartlegging og verdsetting av dei viktigaste friluftsområda i Stranda. Dette burde ligge som eit grunnlag for kommuneplanens arealDEL. Kommunen skriv ikkje om det er gjennomført ei slik kartlegging. Dette burde vore omtalt i planomtalen. Friluftsliv er berre kort omtalt med tre setningar i planomtalen. Det er derimot lagt omsynssoner på statleg sikra friluftsområde.

Fylkesmannen har følgande merknader til enkeltområde av omsyn til natur- og miljøvern:

## LIABYGDA

### BFT\_6, SHA\_2, Fritids- og turistformål, hamn

Det er satt av om lag 1 km med areal til hamn langs strandlinja ved Overåsneset. Terrenget fra Liabygdvegen og ned til det aktuelle området er svært bratt. I dag går det ein smal veg som slyngar seg ned mot ei lita kai ved sjøen. Strandsona mot begge sider består av bratte svaberg. Hamna og tilkomstvegen kan komme i konflikt med to registreringar av naturtype kalkskog av svært viktig verdi. Både veg og hamn vil utgjere eit stort inngrep i landskapet. For å kunne legge til rette for store køyretøy på vegen er vi uroa for at inngrepa vil bli uakseptabelt store. KU avklarar i liten grad kor store konsekvensane av ei hamn her vil vere. Vi saknar også ei vurdering av alternative areal som ikkje vil gje like store inngrep i landskapet. Planomtalen burde også utdjupe meir om bakgrunnen for val av lokalisering. Vi reise **motsegn** til dette forslaget av omsyn til nasjonale strandsoneinteresser inntil dette er gjort.

### BKB\_7 komb.formål bustad, fritids- og turistføremål

Arealet omfattar ein furukledd kolle. Det er opna for ein kombinasjon av bustader og fritids- og turistføremål. Generelt bør ein unngå å legge utbyggingsføremål på kollar og høgdepunkt i terrenget av landskapsomsyn. I følgje føresegnene skal det leggast til rette for inntil seks nye bustadomter med tilstrekkeleg leikeareal. Ein stor del av arealet er registrert som gammal barskog av svært viktig verdi. Dette er den delen av kollen med den beste utsikta ut mot Storfjorden, og denne sida er også den brattaste delen av kollen. Naturtypen har fått verdien svært viktig fordi den, trass i at den er liten, har innslag av ein raudlisteart i høg kategori. Av faktaarket i naturbase går det også fram at det er potensiale for fleire raudlisteartar. Inngrep i terrenget er vurdert til å kunne gje synlege står i terrenget og negativ landskapsverknad. Vi rår til at ein reduserer arealet, og tek bort den brattaste delen av området som også omfattar svært viktig naturtype. Slik føremålet ligg i planforslaget, risikerer ein at heile naturtypen går tapt og fylkesmannen har difor **motsegn** til kommunen har redusert arealet.

### BKB\_6 fritidsbustad, fritid-/turisme

Arealet strekk seg over 400 meter på nedsida av Liabygdvegen. Om lag 26 daa av totalt 42 daa er registrert som naturtype kalkskog, kategorisert som *svært viktig*. Naturtypen har fått denne verdien fordi den har eit intakt og urgammalt naturskogsmiljø i ei uforstyrra utvikling, med fleire raudlisteartar i høgare kategori. I faktaarket i naturbase kan vi lese «*her vart utanom furu funne treslag som alm (NT, sjeldan i nord), ask (NT; sjeldan i nord), bergasal, gråor, hassel, hegg, hengjbjørk, kristtorn (kulturspreidd), morell, osp, rogn, rognosal og selje. Daudvedaspektet er godt utvikla, med høgt innslag av gadd og læger, dessutan mengder av strø*». Truga artar som er registrert her er bananslørsopp, blågrå vokssopp, fagervokssopp, filtkjuke, furufiltkjuke, furugråkjuke. Det er også registrert fleire artar som er vurdert som nær truga, samt at det er potensiale for fleire funn enn dei som er funne til no. Området er i tillegg bratt, er skredutsatt og ligg eksponert mot Storfjorden. KU vurderer utbygginga i nedre del kan gje synlege sår/inngrep i terrenget. Fylkesmannen vil fremme **motsegn** til arealet då det er i stor konflikt med ein viktig og truga naturmangfold.

### BKB\_1 fritidsbusetnad, fritids- og turistformål

Arealet omfattar om lag 8 daa av registrert naturtype kalkskog verdsett til *svært viktig*. Lokaliteten har fått denne verdien fordi den har eit intakt naturskogsmiljø i ei uforstyrra utvikling, med fleire raudlisteartar i høgare kategori. Tilgrensande areal på gnr5 bnr2 er føreslege verna som naturreservat for skog. Heile utbyggingsarealet er jf. konsekvensutgreiinga på 65 daa, og vi meiner ein kan bygge ut i dette området utan å røyre ved den svært viktige naturtypen. Vi reiser **motsegn** til ein reduserer arealet i tråd med merknadene over.

### BAB\_1A og 1B – Kraftwerk

Om lag 150 meter nedafor kraftverket er det registrert naturtypen bekkekløft og bergvegg av lokal verdi. Registreringa er frå 2007. Elva går i ei trang kløft ned mot fjorden. Floraen verker relativt artsfattig, kløfta er dårleg undersøkt, jf. faktaarket i naturbase. Redusjonar i vassføringa er truleg negativt. Foreslått område for skogvern grenser også mot elva. Vi vil minne om at tiltaket skal behandlast etter vassressurslova, som stiller klare krav til både utforming av søknaden og utgreiing av prosjektet. Den manglande omtalen av prosjektet samt den sparsame konsekvensutgreiinga gjer at det er vanskeleg å ta stilling til tiltaket slik det no er vist i planen. Vi rår til at ein tek området ut av planen, eventuelt legg det i plankartet som ein illustrasjon.

### BAB\_2-1 og 2-2 - Kraftwerk

Kraftverket i Sætreelva vil kunne påverke naturtypen kalkskog av svært viktig verdi og nøkkelbiotop MIS (miljøkartlegging i skog). Av konsekvensutgreiinga går det også fram at det er bratt terreng og at utbygging kan gje synlege sår i terrenget/landskapsverknad. Vi vil også her minne om at tiltaket skal behandlast etter vassressurslova, og viser til merknad over til BAB\_1A og 1B.

### STRANDA

#### BFT\_2 Fritids-/turistformål

Området er lagt ovanfor eksisterande hyttefelt i Hevsdalen og strekker seg opp mot over 680moh. Konsekvensutgreiinga vurdere tiltaket til ikkje å vere i konflikt med landskap eller friluftsområde. Vi viser til *Rettleiar for Planlegging av fritidsbebyggelse* der det går fram at ein bør unngå snaufjell og område med sparsam vegetasjon, unngå bratte, jamne lesider og søkje å bygge i småkupert landskap. BFT\_2 er etter vår vurdering både bratt og eksponert, og vi er uroa for at bygging i dette landskapet kan bli ruvande og gje store inngrep i terrenget. Det går heller ikkje fram av plankart eller konsekvensutgreiing kva som er tenkt som tilkomstveg til feltet. Vi minner om at også vegar i bratt terreng kan gje stygge skjeringar og inngrep i terrenget, og rår til at vegtilkomst blir løyst i samband med kommuneplanen.

### GEIRANGER

Vi minner om at utbyggingsføremål som ligg innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernområde må søke om løyve etter verneforskrifta. Det er vernområdestyret som fattar vedtak etter verneforskrifta.

### BAB\_3-1 Massedeponi

Arealet ligg innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernområde og verdsarvområdet. Innanfor verneområdet er det forbod mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Det er ikkje tillate med blant anna påfylling av masse, eller oppføring av anlegg. Det er utfordrande å finne eigna lokalitetar for massedeponi i området, men vi ser ikkje at ein kan forsvare etablering av dette innanfor verneområdet. Arealet vil vere godt synleg i landskapsrommet, rett ved vegen forbi Korsmyra som går vidare ned mot Ørnesvingane. Turist – og friluftsinteressene i området er også av nasjonal- og internasjonal karakter (nasjonal bruksverdi) i følgje konsekvensutgreiinga. Eit massedeponi vil gje meir tungtrafikk i området. Fylkesmannen reiser **motsegn** til massedeponiet.

### SPA\_1 Parkering/veg

Det er lagt inn areal på 11 daa til parkeringsareal i tilknytning til utsiktspunktet i Ørnesvingane. Det er meint at tiltaket skal redusere villparkeringa ved Ørnesvingen. Området ligg i verdsarvområde, det er bratt terreng og på innmarksbeite. Fylkesmannen finn at denne utbyggings vil gje uakseptable inngrep i eit landskapsområde med nasjonal og internasjonal verdi, og reiser **motsegn** til parkeringsføremålet.

## V-1 og V-2

Tre av fire tunnelopningar vil ligge innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernområde og verdsarvområdet. Det meste av vegen vil ligge i tunnel, men tunnelopningane vil representere store inngrep i landskapet. Ei vegutbygging som skissert vil også gje store utfordringar med massehandtering. Dette er ein kjent problematikk ved tidlegare vegplanlegging i området. Fordelane ved ein eventuell utbygging av vegane burde vore tydlegare i konsekvensutgreiinga. Ut frå det grunnlaget konsekvensutgreiinga gir vurdere Fylkesmannen at desse vegløysingane vil gje for store inngrep i landskapsvernområde og verdsarvområde, og reiser **motsegn** til V-1 og V-2.

## SST\_1 og 2 Gondol og heis

Gondol/pendelbane er planlagt frå sentrum og opp til Laushornet. Trasé for bana går over naturtypane *ur og rasmark* og *sørvest Berg og rasmark*, begge av svært viktig verdi. Endestasjon for gondolbana ligg i dag innanfor INON-område, som er ei kartlegging over kva for område i Noreg som ikkje er råka av tyngre tekniske inngrep. I følgje kartet ligg området innanfor areal som ligg 1-3 km frå større inngrep i dag. Laushornet er i dag eit uberørt område. Det ligg innanfor funksjonsområde for villrein. Tiltaket vil også ligge innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernområde og verdsarvområdet. Etablering av gondol inn i dette området vil ikkje vere foreinleg med landskapsvernet, og ut frå dette reiser vi **motsegn** til SST\_1. Når det gjeld heis kan vi av omsyn til naturmangfold og landskapsverdiar kunne opne for eit tiltak inni fjellet. Vi kan derimot ikkje sjå at ein har konsekvensutgreidd heile tiltaket. Areal for start og topp-punkt må leggast inn i plankartet og konsekvensutgreiinga må oppdaterast deretter. Fylkesmannen har **motsegn** til SST\_1 og 2 til dette er gjort.

## SUNNYLVEN

### BFT\_1-1, 1-2 og BKB\_9. Fritids- og turistformål, fritidsbustad

Det vart varsle oppstart av reguleringsplanarbeid for nytt hotell på Ljøen tidlegare i år. I varsel om oppstart stod det at planområdet skulle reduserast undervegs i planprosessen. Vi påpeika i vår fråsegn til oppstartsvarselet at hotellet vil bli plassert ved ei vegstrekning med tunell både nord og sør for planområdet, langt frå anna infrastruktur. I utgangspunktet bør ein legge hotellfunksjonar i område der gjestar kan nytte andre tilbod i eit lokalsamfunn og samtidig bidra til liv i bygdene/byane. Planområdet ligg like utanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernområde og verdsarvområdet, i eit viktig kulturlandskap. Området er bratt og det kan synast vanskeleg å tilpasse tiltak som ikkje skal bryte med det urørte landskapet, som er eit viktig kriterium for statusen til Geirangerfjorden. Tiltaket ligg eksponert til og vil bli synleg frå Sunnylvsfjorden, i fjellområda rundt og langt innover Geirangerfjorden. Vi har varsle at vi vil vurdere å fremje motsegn til reguleringsplanen av omsyn til landskapsverknader av nasjonal verdi. Satelitten på Ljøsetra ligg i tillegg innanfor postvegen, som er eit statleg sikra friluftsområde. Fylkesmannen reiser **motsegn** inntil føremålet er vesentleg redusert i arealstorleik, samt at satelitten på Ljøsetra må takast bort.

Eit eventuelt tiltak her krev i tillegg at det blir gjort ei grundig vurdering av landskapsverknadene både for lokaliteten i seg sjølv og korleis ein vil påverke verneverdiane i landskapsvernområdet og verdsarvområdet. Vi har bedt om at både nær- og fjernverknad må synleggjerast med gode illustrasjonar i reguleringsplanen.

## **Strandsone**

Utgangspunktet i strandsona langs sjøen er at andre tiltak enn fasadeendring er forbode å sette i verk nærmare enn 100 meter frå strandlinja, jf. plan og bygningslova §1-8 andre ledd. Dette generelle forbodet kan fråvikast ved å fastsette en anna byggegrense i kommuneplanen eller reguleringsplanen, jf. § 1-8 tredje ledd.

Av planomtalen kapittel 7.7 om byggegrense går det fram at det for alle utbyggingsføremål innanfor 100-metersbeltet i strandsona er lagt inn byggegrense for å sikre at det kan byggast ut i samsvar med arealbruken. Vi er usikre på om dette er gjennomgående for heile kommunen, då vi enkelte stader ikkje klarer å lese i plankartet at det ligg ei byggegrense der. Vi ber kommunen gjennomgå dette på nytt, og ber også om at det blir supplert i planomtalen kva for vurderingar som ligg til grunn når kommunen har fastsett byggegrense. Det blir vist til at ein i kapittel 3.4 i føreseggnene for føremål LNF er ei retningslinje som opnar for bygging i 100-metersbeltet innanfor føremålet LNF. Vi presiserer at dette er retningslinjer og at ei framleis må søkje om dispensasjon for desse tiltaka. Det kan med fordel framstilla tydelegare at det er retningslinjer, og ikkje juridisk bindande føresegner.

Vi minner kommunen om at der ein har fastsett at tidlegare reguleringsplanar skal gjelde ved å nytte omsynssone i § 11-8, eller vedtek dette på ein annan eintydig måte, vil den grensa som framgår av desse planane gjelde.

### Vassdrag

I 100-meters beltet langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. plan- og bygningslova § 1-8 1.ledd. Stordalselva, Geiranger, Vesteråselva, Bygdaelva, Hornindalsvassdraget og Norangselva er alle verna vassdrag som ligg innanfor Stranda kommune.

For verna vassdrag gjeld «*Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag*». Retningslinjene gjeld vassdragsbeltet, det vil seie hovudelvar, sideelvar, større bekkar, sjør og tjern, samt andre delar av nedbørfeltet som det er fagleg dokumentert at har betyding for vassdragets verneverdi. Retningslinjene skal leggast til grunn i planarbeid knytt til verna vassdrag. Det må leggast opp til ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane til vassdraget.

Av kapittel 7.6.6 i planomtalen og føresegns punkt 3.5.6 går det fram at dei verna vassdraga i kommunen er delt inn i tre *klassar*. Det går ikkje fram av planforslaget kva skildnadene på desse klassane er, ei heller korleis kommunen har kome fram til inndelinga som er gjort. Det er vist til at ulike delar av vassdraga skal ha forskjellige byggegrenser, men vurderingar som ligg bak er ikkje synleggjort. Vi stussar også over at slik føreseggnene er formulert har delar av verna vassdrag mindre byggegrense enn den generelle byggegrensa mot elver og vassdrag i kommunen. Det er også utydeleg kva for byggegrenser som gjeld innanfor dei ulike *klassane*. Til dømes er det uklart om byggegrense på 100 m frå vassdraget slår inn over kote 100 for Geirangerelva/Vesteråselva, og om 100 meter avstandskrav også er gjeldande for Strynevassdraget, Norddalsvassdraget og Stordalselva. Fylkesmannen reiser **motsegn** til dette inntil kommunen viser til at det ligg ei fagleg forsvarleg vurdering/utgreiing bak dette plangrepet.

For Geirangervassdraget/Vesteråselva les vi føreseggnene slik at ein har sett byggegrense på 50 meter nedanfor kote 100, medan 100 meter byggegrense gjeld ovanfor kote 100. På same tid ser vi at kommunen bryt eigen grense for opptil fleire utbyggingsføremål i planforslaget. Dette gjeld BOP\_1 Geiranger; utviding av areal til blålysetatar, SPA\_2 og SPA\_3 parkeringsareal, og BKB\_8-2 Kombinasjonsføremål – masseuttak og deponi, i tillegg til to anlegg for kraftverk (sjå merknad under).

Fylkesmannen ber kommunen trekke tiltaka vekk frå vassdraget. Vi reiser **motsegn** til BOP\_1 inntil ein har trekt arealet lenger vekk frå elva. Når det gjeld eksisterande masseuttak og deponi bør ein stille krav om reguleringsplan før utviding slik at ein får sikra at det ikkje skjer avrenning mot vassdrag og at støy er tilstrekkeleg tatt omsyn til.

### BAB\_5 Kraftverk

Det er lagt inn areal for kraftverk ved Flydalsvatnet. Konsekvensutgreiinga opplyser ikkje om at arealet ligg innanfor verdsarvområdet eller at det gjeld eit verna vassdrag. Det er derimot opplyst at arealet ligg i Geiranger- Herdalen landskapsvernombordet. Her gjeld eigen verneforskrift. Vassdraga er viktige landskapselement i verdsarvområdet. Det er forbod mot vassdragsregulering i verneområdet, jf. forskrifa si § 3 nr. 1.1. Tiltaket gir også behov for tilkomstveg som vil gje ytterlegare inngrep i landskapsvernombordet. Fylkesmannen vurderer at tiltaket er i stor konflikt med internasjonale og nasjonale landskapsinteresser, og fremjar **motsegn** til dette punktet.

### BAB\_4 Kraftverk

Tiltaket ligg i Geirangerelva som er vera mot kraftutbygging. Elva er også ein del av verdsarvområdet. BAB\_4 ligg om lag 40 meter ovanfor registrert naturtype bekkekløft og bergvegg. Av same grunn som vist til for BAB 4 over reiser vi **motsegn** til dette punktet (med unntak av tiltaket ikkje ligg innanfor landskapsvernombordet).

### BKB\_12 Snøproduksjon

Det går ikkje fram av konsekvensutgreiinga kva dette tiltaket inneber. Vi har fått utfyllande informasjon frå kommunen som viser at tiltaket inneber inngrep i vassdrag og uttak av myr. Samtidig viser konsekvensutgreiinga ingen konsekvens for vassdrag eller naturmangfald og landskap. Vi ber kommunen om å oppdatere konsekvensutgreiinga slik at både tiltak og konsekvensane av tiltaket blir tilstrekkeleg synleggjort.

### Landbruk

Samla nedbygging av dyrka mark er i kommuneplanen om lag 65 dekar fulldyrka mark, 54 dekar innmarksbeite og 205 dekar dyrkbar jord. Omfanget av nedbygging av matproduserande areal bryt med både nasjonal jordvernstrategi, med mål om maksimal nedbygging av matjord på 4000 dekar i året, og det regionale jordvernållet på 200 dekar i året. I tillegg kan enkelte tiltak ha stor negativ påverknad på beite næringa.

### B11-1 Bustad

Utviding av bustadområdet vil føre til nedbygging av 28 dekar med landbruksareal, og gje ei ueheldig utbyggingsretning for vidare utvikling av landbruksområdet. Vi har **motsegn** til B11-1.

### BAB\_3-2 Anna type bygg og anlegg

Det er her snakk om tilrettelegging av ein «Økolandsby». Både planomtala og konsekvensutgreiinga er mangefull på kva tiltaket inneber. Fylkesmannen har lagt til grunn at det er snakk om bustad/fritidsbustad og nedbygging av 3 dekar dyrka mark til dette føremålet. Vi har difor **motsegn** til BAB\_3-2.

### BIA\_3 og BIA\_4

Alpinanlegg med planføremål *Idrettsanlegg* kan gje store konsekvensar for landbruksnæringa. Det vert meir og meir vanleg at alpinanlegg vert nytta til friluftslivføremål også sumar- og haust under beitesesongen i tillegg til vinteren, til dømes både med syklistar og turgåarar med hund. Store skog- og beiteområde vil få eit anna planføremål, og både planomtala og konsekvensutgreiinga er særsparsom med kva for konsekvensar dette vil få både for noverande landbruksnæringsverksemder og framtidig utvikling av landbruket i områda. Det går ikkje fram kva for konsekvensar tiltaket vil få for dyrka marka i BIA\_4, og kva konsekvensar BIA\_3 vil få med etablering av alpinbakke, heisanlegg, tilkomstvegar etc. for skog- og jordbruksnæringa og beiteområda på

Engeset/Furset, eit område som kommune sjølv har satt som kjerneområde landbruk. Vi har **motsegn** inntil konsekvensutgreiinga gjer grundig greie for desse problemstillingane.

#### B7 Bustad

Her er det planlagt bustadetablering i eit utprega landbruksområde som kommunen sjølv har vurdert som kjerneområde landbruk og viktig kulturlandskapsområde. I tillegg til sjølve nedbygging av matproduserande areal, så legg ein opp til drifts- og miljømessige ulemper ved å blande bustad og næringsverksemder. Vi rår difor sterkt i frå bustadetablering på B7.

I høve planføresegnerne og retningslinene ønskjer Fylkesmannen at det i § 2.10 vert sett ei buffersone som byggegrense på minst 30 meter til dyrka mark, dette for å hindre og redusere driftsulemper for matprodusenten og miljøulemper for framtidige beboarar. Vi har **motsegn** inntil dette er gjort.

Det er i plandokumenta vist til rettleiaren «Landbruk +», denne har tidlegare vorte erstatta av rettleiaren «Garden som ressurs». Vi ønskjer at dette vert retta opp.

Fylkesmannen kjem vidare til å setje krav om bevaring av matjord og nydyrkning som kompenserande tiltak der dyrka mark vert vedteken omdiagonert til andre føremål i kommuneplanen. Dette må gå tydeleg fram i føresegnerne til reguleringsplanane.

#### Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging - klima

Stranda kommune har eit ønske om å vidare vekst i folketalet i kommunen. Utviklingstrekk viser ein nedgang i folketalet. Kommunen ser på det som viktig at ein har tilgang på tomter og leilegheiter i alle bygdelaga. Kommuneplanen viser til ein utbyggingsstrategi der ny utbygging skal vere knytt opp mot kollektivtrasear og eksisterande utbyggingsområde. Fortetting skal vere ei prioritert oppgåve. Av samfunnssdelen går det fram at ein i arealdelen skal sette av areal til bustadføremål innanfor konsentrerte område rundt bygdelagssentera. Dette ser vi at kommunen til ein viss grad har prøvd å følgje opp. Det er til dømes ikkje lagt ut nye areal for spreidd utbygging av bustad. Men vi finn også nye bustadområde som bryt med denne strategien, og då også *Statlege planretningslinjer for samordna bustad areal og transportplanlegging*. Vi har følgjande merknader til enkeltområde:

#### B 8, B 9 og B10

Totalt 32 dekar er lagt ut til bustadføremål langs Ørnevegen frå Møllsæter ned mot Nedstehaugen. Det er trange, svingete veger mot anna infrastruktur og ikkje gang- og sykkelveg. Transport vil måtte bli bilbasert og vil ikkje vere i tråd med *Statlege planretningslinjer for samordna bolig areal og transport*. Det vil vere trafikkfarleg for barn og unge som ferdast langs vegen. I tillegg ligg bustadføremålet innanfor verdsarvområdet. Det er bratt terreng, og ei utbygging vil kunne gje negativ landskapsverknad. Fylkesmannen reiser **motsegn** til B8, B9 og B10.

#### BAB 3.2 Økolandsby

Til trass for at ein vil legge opp til miljøvenleg utbygging, vil dette tiltaket ha det same problemet som merknad over til B8, 9 og 10 jf. statlege planretningslinjer for samordna bolig areal og transport. Det går ikkje tydeleg fram av konsekvensutgreiing, planomtale eller føresegner kva ein opnar for innanfor føremålet, men vi tolkar det slik at det omfattar busetnad. Dette gjer at vi vurdere føremålet på same måte som bustadområda B8, B9 og B10, og reiser difor **motsegn** til også til BAB3.2.

## B\_7 1 og 2

Desse bustadområda er lagt langt unna anna infrastruktur og vil bli bilbasert. Arealet er eitt av dei områda som vart vurdert som alternative trygge areal i områderegulering for Geiranger. Tiltaket ligg innanfor kjerneområde landbruk (sjå merknad frå landbruk) og innanfor registrert verdfullt kulturlandskap. Det er ikkje oppgitt i konsekvensutgreiinga at arealet ligg innanfor verdsarvområdet.

Vi er i utgangspunktet positiv til å flytte føremål i trygge område i Geiranger. Ein bør i så fall ha ein heilskapleg plan for også å flytte andre funksjonar lenger opp i dalen. Vi vil i så fall stille oss positive til dette forslaget. Slik planen ligg føre no, vil bustadområdet B7 1 og 2 ligge som ein satellitt langt vekk frå anna infrastruktur, og vi reiser difor **motsegn** til føremålet.

## B\_11 Bustad

Dei planlagde bustadane er lagt langt unna sentrum og det er ei fare for at transport til og frå blir bilbasert. Det er sett rekkefølgjekrav om opparbeiding av ny veg med gang- og sykkelveg (V\_8) før bustadene kan takast i bruk. Dette er derimot berre ein liten intern veg, og løyser derimot ikkje heile vegstrekninga ned mot Stranda sentrum. Så lenge det ikkje er gang- og sykkelveg langs samlevegen inn mot Stranda sentrum bør ikkje kommunen opne for større bustadareal i denne delen av kommunen. Vi rår til at kommunen stiller rekkefølgjekrav om gang- og sykkelveg heilt inn til sentrum, eventuelt tar ut bustadområdet B11.

## **Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

Det er eit mål for planlegging etter plan- og bygningslova (tbl.) å fremje omsynet til samfunnstryggleik, jf.tbl. § 3-1. Som planmynde har kommunen ansvar for at samfunnstryggleik blir tilfredsstillande vareteke i planar. Kommuneplanen sin arealdel skal skildre hovudtrekka i samfunnsutviklinga og arealdisponeringa.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det eit mål om at Stranda skal vere ein trygg og sikker kommune. Kommunen ynskjer å utvikle seg som ei føregangskommune innan tryggleik. I samfunnsdelen skriv kommunen at ein av strategiane for å verte ein trygg kommune er å prioritere oppfølging av risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) gjennom fokus på risikoreduserande tiltak. Fylkesmannen rår kommunen til å aktivt nytte arealplanlegginga som det (truleg) beste verktøyet kommunen har til å gjennomføre risikoreduserande tiltak.

Å fremje samfunnstryggleik i arealplanlegginga inneber å gjere ei heilskapleg vurdering av kva slags verknad planen kan ha på samfunnet og innbyggjarar. ROS-analysen knytt til arealplanlegging skal gje kommunen eit viktig kunnskapsgrunnlag for planlegging av arealbruk. Fylkesmannen har derfor delt vår fråsegn innan samfunnstryggleik inn i to hovuddelar, der den eine omhandlar ROS-analysen og den andre oppfølging av funn i ROS-analysen.

## ROS-analysen

ROS-analysen er mangelfull og tilfredsstiller etter vår vurdering ikkje krava i tbl. § 4-3. I merknadane under går vi inn på nokre av dei identifiserte hendingane der analysen ikkje er tilfredsstillande, eller er mangelfull. Vi har ikkje høve til å gje ei like grundig tilbakemelding på alle identifiserte hendingar, men har fokusert på hendingar der analysen har mest manglar. Ved revidering av ROS-analysen kan kommunen med fordel øg sjå om våre sine innspel til utvalde hendingar har overføringsverdi til andre identifiserte hendingar i analysen.

Føremålet med ROS-analysen er å gje kommunen eit godt avgjerslegrunnlag for å vareta samfunnstryggleik i arealplanlegginga. Det er derfor viktig at ROS-analysen er på plass tidleg i

planprosessen slik at kunnskap som kjem fram i analysen kan vere førande for den vidare planlegginga. I arbeidet med ROS-analysen må kommunen mellom anna ta høgde for om planen kan gjennomførast. ROS-analysen er eit viktig kunnskapsgrunnlag for planlegging av trygg arealbruk i Stranda kommune. Det er derfor viktig at denne tilfredsstiller krava som er stilt til ROS-analysar.

Vi ser i innleiinga til ROS-analysen at kommunen listar opp fleire sentrale punkt i ROS-analysen. Vi er usikre på i kva grad planen følgjer desse opp vidare i analysen og i kommuneplanen. Til dømes er det eit sentralt punkt i ROS-analysen å prøve å unngå utbygging/aktivitet der risikoer er for stor. Vi kan ikkje sjå at kommunen har teke stilling til akseptabel/uakseptabel risiko for bruk av kommunen sitt areal.

Kommunen må vurdere kva risiko som kan aksepterast. For nokre tema er akseptabel risiko fastsett i lov eller forskrift, til dømes tryggleikskrava i TEK17. Sjølv om tryggleikskrava i TEK17 er retta mot byggetiltak, er dei òg førande for planlegging av arealbruk. For andre risikomoment må kommunen sjølv, som planmynde, aktivt ta stilling til kva risiko planen aksepterer. Aksept av risiko i planen er derfor ikkje berre gitt i lov eller forskrift, men òg som eit resultat av lokal skjønnsmynde. Vi kan ikkje sjå av analysen kva risiko kommunen vurderer som akseptabel for kommunen sine utbyggingsområde.

Det kjem heller ikkje fram i analysen om kommunen har avdekkta område med for stor risiko, kvar dei er, og korleis kommunen vil nytte arealplanen til å styre ny utbygging/aktivitet til andre (trygge) område. Kommunen har eit ansvar for å følgje opp funna i ROS-analysen, t.d. ved å styre ny utbygging vekk frå areal der det ikkje er mogleg å oppnå tilstrekkeleg tryggleik.

Eit anna punkt er å kartlegge risiko for eksisterande busetnad, verksemder og aktivetsområde. Det står ikkje noko om korleis kommunen vil nytte denne kartlegginga/kunnskapen, eller kva kommunen vil gjere dersom analysen avdekker utbygde område med uakseptabel risiko. Dette er generelt dårlig skildra og vurdert i ROS-analysen.

I ROS-analysen knytt til kommuneplanen sin arealdel saknar vi ei generell skildring av planområdet. Ei slik skildring vil gje informasjon om eigenskapar og forhold som kjenneteiknar kommunen sitt areal og arealbruk, og gjev føringar for uønskte hendingar som er aktuelle å vurdere. Vidare må det kome fram om funn frå kommunen sin *heilskaplege ROS-analyse* er lagt til grunn for arealplanlegginga.

ROS-analysen identifiserer moglege uønskte hendingar innanfor naturhendingar, verksemd og sårbare objekt. Vidare skildrar analysen beredskapstiltak og avsluttar med ein samanfatting av kva konsekvensar funna i ROS-analysen får for kommuneplanen sin arealdel.

### *Klima*

§ 3-1 bokstav g) i plan- og bygningslova seier at planar skal ta klimaomsyn gjennom tilpassing til forventa klimaendring. I «*Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*» står det at kommunen skal aktivt nytte kommuneplanen sin arealdel for å oppnå ein samla arealdisponering som varetar omsynet til klimaendring.

Med tanke på kor sentral plass klima får i planomtalen til kommuneplanen sin arealdel under kapittelet om utfordringar (kapittel 5), står det lite til ingenting om klimaendringar i ROS-analysen. Kommunen må nytte den kunnskapen dei har om eit klima i endring, og vurdere i analysen kva konsekvensar dette får for arealplanlegginga i kommunen. Vi forventar at dette kjem tydelegare

fram i ROS-analysen. Enten som eit eige punkt/«hending» i analysen, eller som ein tydelegare faktor under dei hendingane der klimaendringar er venta å gje eit endra risiko- og sårbarhetsbilete.

### *Skred*

Stranda kommune er ein skreditsett kommune. ROS-analysen viser til NGI sitt aktsemdskart for snø- og steinsprang, og faresonekartlegging av tolv område i regi av NVE. Vi kan ikkje sjå at kommunen nyttar NVE sine landsdekkande kart for snøskred og steinsprang i område ikkje dekka av NGI sitt aktsemdskart. Vi kan heller ikkje sjå at kommunen nyttar NVE sitt aktsemdskart for jord- og flaumskred. Vidare har kommunen kjennskap til andre område som er faresonekartlagt, og dette bør kome fram av analysen. Spesielt større område som er faresonekartlagde. Kunnskapsgrunnlaget for å gjere ein god analyse er derfor mangefull, og analysen omfattar ikkje alle kjente risiko- og sårbarheitstilhøve som er viktige for å førebygge skredrisiko.

Vi vil her vise tilbake til dei sentrale punkta som kommunen vil avklare gjennom ROS-analysen. Har kommunen gjennom ROS-analysen, og faresonekarta, avdekkja område der skredrisikoen er for stor for utbygging/aktivitet? Er det avdekkja eksisterande utbygging i område med høg skredfare? Ny kunnskap om fareområde kan føre til at område som tidlegare blei sett på som trygge, ikkje lenger tilfredsstiller krava til tryggleik i plan- og bygningslova, jf. § 28-1 og byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Har ROS-analysen avdekkja at det er naudsynt med tryggingstiltak for å redusere skredfare til eit akseptabelt nivå for ny/eksisterande utbygging? Skredsikring er døme på tiltak som kan vere arealkrevjande, og som best varetakast på eit overordna nivå som kommuneplanen sin arealdel. Det er her kommunen har moglegheit til å sjå farar og avdekke behov for tryggingstiltak i eit meir heilskapleg perspektiv. Med tanke på at avdekka og potensiell skredfare truleg legg sterke føringar for kva tiltak kommunen kan planlegge kvar, er dette mangefullt vurdert i ROS-analysen.

Faresonekartlegging avgrensar som oftast område med potensiell skredfare, men den kan òg avdekke skredfare i område som ikkje er dekka av aktsemdskarta. Dette er til dømes tilfelle ved område BOP\_3 der kommunen mellom anna har ein lokal brannstasjon, og skal regulere føremålet frå LNF til offentleg eller privat tenesteyting for å formalisere bruken av arealet. BOP\_3 ligg utanfor aktsemdskartet til NGI, men innanfor kartlagt faresone for skred (5000-årsskredet). Brannstasjon er eit S3-tiltak (lokal beredskapsinstitusjon), og skal ligge trygt mot nettopp 5000-årsskredet. Slike tilfelle synleggjer kor viktig det er at kommunen nyttar den beste kunnskapen om risikoforhold for å planlegge kommunen sin arealbruk, og at kommunen må ha eit medvite forhold til tryggleikskrava i byggteknisk forskrift. KU gjev her eit feil bilet, når den viser konsekvensen som grøn (0) innanfor samfunnstryggleik.

Der kommunen planlegg utbyggingsområde i kartlagde fareområde, må ROS-analysen ta høgde for om arealbruken kan gjennomførast. Dette slik at kommuneplanen sin arealdel ikkje planlegg for mange utbyggingsområde som ikkje kan realiserast i tråd med planen. Vi minner om at kommunen so langt som mogleg bør avklare om eit område er eigna for foreslått utbygging, dette gjeld òg kommuneplanen sin arealdel. Vi saknar derfor ei vurdering om planlagd og eksisterande arealbruk er realistisk med bakgrunn i ny kunnskap om reell skredfare.

Vi gjer elles kommunen merksam på at omgrepene «aktsemdskart» og «faresonekart» i fleire dokument blir blanda og/eller brukta feil. Aktsemdskart er kart som viser *potensiell* skredfare (som NGI sine landsdekkande kart), faresonekart viser *reell* skredfare. Vi ber kommunen rette opp i dette, ettersom det gjev eit feil inntrykk av kunnskapsgrunnlaget kommunen har å planlegge ut frå.

### *Sekundærverknad av skred (flodbølgje)*

Flodbølgje som følge av fjellskred er inkludert som ei hending som får konsekvensar for arealplanen. Kommunen er utsett for flodbølgje med årleg sannsyn som overstig 1/1000 og 1/5000. Dette set restriksjonar på tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 og tiltak etter TEK17 § 7-3 første ledd. ROS-analysen viser at kommunen er utsett for flodbølgje, men det kjem ikkje fram kva konsekvensar ei flodbølgje får for nye og eksisterande utbyggingsområde. I tillegg ser vi at kommuneplanen sin samfunnsdel har lagt til grunn at kommunen skal satse på utvikling av kommunesenteret Stranda og dei tre bydesentra Hellesylt, Geiranger og Liabygda. Med unntak av Liabygda har dei tre andre lokasjonane sentrumstyngdepunktet ved fjorden. Det er derfor relevant å vurdere i ROS-analysen korleis satsinga på desse områda vil påverke risikoen og sårbarheita for flodbølgje. Vi syns òg det er merkeleg at fjellskred og skred ikkje er skildra som større utfordringar planomtalen innanfor samfunnstryggleik (på tilsvarende måte som klimaendringar).

Kommuneplanen sin arealdel er eit naturleg nivå for å gjennomføre ein heilskapleg vurdering av kommunen sin arealbruk, òg når det kjem til alternative, trygge område for utbygging utanfor fareområde for flodbølgjer. Vi kan ikkje sjå at dette er gjort/tatt stilling til, og vil sterkt rá kommunen til å nytte kommuneplanen sin arealdel til å gjere desse vurderingane. Dette vil mellom anna gje kommunen eit godt kunnskapsgrunnlag når dei seinare skal nytte TEK17 § 7-4 (slik som planen legg opp til).

Vi ser av planomtalen at bruk av sjøarealet og sjønære landområde blir tema i arealdelen, og kommunen vil setje rammene for arealdisponeringa i desse områda. Vi ser derimot ikkje kvar eller korleis dette har vore eit tema. Fare for flodbølgje som følge av fjellskred vil vere ein naturleg faktor i ein samla vurdering av sjøareal og sjønært landområde.

Faren for flodbølgje endrar risikobiletet sidan førre gong kommunen utarbeida kommuneplanen sin arealplan, då denne risikoene ikkje var (like) kjent. Det er derfor naturleg å nyte kommuneplanen sin arealdel for å vurdere om eksisterande arealbruk i faresonene framleis er eigna til gjeldande arealføremål, eller om desse bør endrast. Kommunen må derfor nyte analysen til å skaffe seg oversikt over arealbruken innanfor dei ulike faresonene, og allereie no vurdere om arealbruken kan gjennomførast i tråd med lov og forskrift. Kommunen viser sjølv til unntaksvilkåra i TEK17 § 7-4, men tek ikkje stilling til om denne paragrafen er mogleg å nyte for *alle* utbyggingsområde med flodbølgjefare i kommunen. Fylkesmannen kan til dømes vanskeleg sjå føre seg at vilkåra i § 7-4 kan tilfredsstilla for planområde utanfor tettstadane i kommunen, t.d. i område med spreitt utbygging.

ROS-analysen må vurdere om det er utbyggingsområde i faresone for flodbølgje der det ikkje er mogleg å nyte unntaksvilkåra i TEK17 § 7-4. Kommunen har eit ansvar for å følgje opp risiko- og sårbarheitsanalysen ved å styre utbygging vekk frå areal der tilstrekkeleg tryggleik ikkje er mogleg å oppnå. Dette inkluderer skredtryggleik (flodbølgje). Kommunen peikar sjølv på dette ansvaret i innleiinga til ROS-analysen og i KU.

Areal omfatta av områderegulering for Geiranger er med i kommuneplanen sin arealdel. Denne planen er til avklaring hos KMD. Innanfor samfunnstryggleik er det fleire motsegner knytt til arealbruken i områdereguleringa. Den manglande avklaringa frå KMD på noverande tidspunkt gjer det vanskeleg å vite kva som kan tillatast av arealbruk i Geiranger. Samtidig gjer dette at arealavklaringar kjem i «feil rekkjefølgje», sidan vurderingar (etter TEK17 § 7-4) gjort i områdereguleringa blir førande for arealbruken i kommuneplanen sin arealdel.

For Stranda sentrum og Hellesylt sentrum gjeld reguleringsplanane framføre kommuneplanen sin arealdel. Desse er begge planar som har nyttta unntaksvilkåret i TEK17 § 7-4. Fylkesmannen har ikkje

kjennskap til at reguleringsplan for Hellesylt sentrum har avklart arealføremål for gondolbane. Likevel er dette teikna inn som føremål i kommuneplanen sin arealdel. Dersom gondolbanen skal inn som tiltak i Hellesylt, må utbygginga avklarast gjennom ein overordna plan. Sidan kommuneplanen sin arealdel ikkje er nytt til å avklare arealbruk i høve TEK17 § 7-4, må kommunen vere budd på ny områderegulering av Hellesylt sentrum dersom gondolbana skal inn som nytt føremål.

Områderegulering for Geiranger er til avklaring hos KMD. I kommuneplanen sin arealdel er det satt av arealføremål til gondolbane. Fylkesmannen har ikkje kjennskap til at dette arealføremålet var ein del av tiltaka vurdert etter unntaksvilkåret i TEK17 § 7-4. Dersom gondolbana skal inn som tiltak i Geiranger, må utbygginga avklarast i ein overordna plan. Denne avklaringa er ikkje gjort gjennom kommuneplanen sin arealdel eller områderegulering Geiranger.

### *Flaum*

Faren for flaum er ei hending i ROS-analysen. I «*Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*» står det at kommunar skal aktivt nytte kommuneplanen sin arealdel for å oppnå ein samla arealdisponering som varetar omsynet til klimaendring. Mellom anna kan ny utbygging endre naturlege flaumvegar, og bruk av harde flater kan endre dagens avrenningsmønster. Det kjem ikkje fram av analysen korleis kommunen skal nytte planen for å ta omsyn til eit klima i endring. Det er i kommuneplanen sin arealdel kommunen har høve til å sjå samanhengen mellom eksisterande utbygging og andre lokale forhold, og ynskja og naudsynt utvikling, i lys av eit klima i endring. Er det til dømes område som allereie no er flaumutsett, og der klimaendringar er venta å gjere situasjonen verre? I planomtalen har kommunen nytt «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» som eit kunnskapsgrunnlag for kva utfordringar kommunen må bu seg på. Dette kunnskapsgrunnlaget bør òg nyttast i ROS-analysen. Når kommunen har identifisert flaumutfordringar, korleis skal kommuneplanen nyttast for å møte desse på ein best mogleg måte?

Fylkesmannen meiner kommunen må nytte moglegheita ved ny kommuneplan til å skape gode heilsakplege løysingar, og sikre økosystem og arealbruk som har konsekvensar for klimatilpassing. Dette er tiltak som samstundes kan auke kvaliteten i uteområde. Vi meiner ROS-analysen mellom anna må sei noko om korleis kommunen planlegg å nytte kommuneplanen sin arealdel for å ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering.

ROS-analysen peikar på at flaum i tettstadar er eit aukande problem. Ein av grunnane er utbyggingsmønster og utfordringar knytt til kapasitet på leidningsnett for å handtere overvatn. Vi minner om TEK17 § 7-1 andre ledd sitt krav om at ny utbygging skal prosjekterast og utformast slik at byggverk, byggjegrunn, og tilstøytane terregn ikkje utsettast for fare for skade eller vesentleg ulempe som følgje av planlagt tiltak. Eitt av dei sentrale punkta kommunen ville avklare gjennom ROS-analysen var å vurdere auka risiko og sårbarheit som følgje av planlagde tiltak. Det kjem ikkje fram av ROS-analysen om kommunen har avdekkta område i kommunen der det (allereie) er flaumproblem i tettstadar, og/eller om planlagde utbyggingsområde vil auke denne risikoen. Om kommuneplanen sin arealdel opnar for ny utbygging i områder kor det i dag er problem med overvatn, bør ein gjere ei vurdering på om dette er riktig bruk av areal. Eventuelt kva tiltak som må gjerast i samband med utbygginga for å betre situasjonen.

I ROS-analysen som omhandlar avbøtande tiltak står det to tiltak knytt til flaumfare som skal sikrast i planen. Mellom anna dimensjonering av VA-anlegg, og byggjeavstand til bekkar/elvar. I ROS-analysen er det ikkje gjort nokre vurderingar knytt til desse avbøtande tiltaka. Til dømes ei vurdering av kva som vil vere tilstrekkeleg/tilrådd dimensjonering av VA-anlegg i kommunen. I vurdering av moglege

tiltak saknar vi òg ei vurdering tiltak som er basert på *naturbaserte løysingar*. Det er ei forventing at naturbaserte løysingar vurderast ved arealplanlegging, jf. Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

Det er ikkje gjort vurderingar av tilrådd/tilstrekkeleg byggjeavstand frå bekkar/vassdrag i ROS-analysen. I planomtalen kap. 7.7 ser vi derimot ei skildring av kva som ligg bak planføresegnehene sine krav til byggjegrenser. Kommunen har nytta NVE sin rettleiar «*Flaumfare i arealplanar*» ved fastsetjing av byggjegrensene. Byggjegrense på 20 meter som gjeld vassdrag mindre enn 20 km<sup>2</sup> samsvarar med NVE sine tilrådingar. For vassdrag med nedbørsfelt større enn 20 km<sup>2</sup> har kommunen vurdert 75 meter (70 meter i føresegn § 3.5.6) som tilstrekkeleg. Fylkesmannen saknar ei nærmare grunngjeving av kvifor kommunen meiner 70 meter er tilstrekkeleg, då NVE sin rettleiar tilrår byggjegrense på 50 til 100 meter for vassdrag med nedbørsfelt større enn 20 km<sup>2</sup>, og kommunen sjølv vurderer 75 meter som tilstrekkeleg i planomtalen. Desse vurderingane må synleggjerast i ROS-analysen for at ein skal vite om avstandane er tilstrekkelege.

Mot år 2100 er det venta ei vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, både i intensitet og førekomst, jf. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*». Dette får spesielt konsekvensar for mindre vassdrag og bekkar. Jamfør føresegn § 3.5.6 er det krav om byggjegrense til bekkar og vassdrag med årssikker vassføring. Fylkesmannen er usikker på om det er tilstrekkeleg å berre sikre byggjegrense langs vassdrag med årssikker vassføring då klimaendring òg vil føre til auka avrenning i vassdrag som i dag ikkje har årssikker vassføring. Vi saknar ei vurdering av dette i ROS-analysen.

ROS-analysen skildrar faren for flaum på grunn av dambrot. Kommunen vurderer faren for dambrot som lite sannsynleg. Sjølv om det er lite sannsyn for dambrot, kan det vere fleire funksjonar som kommunen ikkje ynskjer innanfor faresone for dambrot. Fylkesmannen saknar derfor ei vurdering av om det er tiltak kommunen ikkje ynskjer innanfor fareområde for dambrot, fordi konsekvensen ved ei eventuell hending blir for stor.

#### *Elektromagnetiske felt*

ROS-analysen vurderer risiko for elektromagnetiske felt rundt elektriske anlegg. For tiltak som bustadar, skule og barnehage skal det gjerast utgreiingar dersom magnetfeltnivået er over 0,4 µT (mikrotesla). Analysen seier at det vert laga omsynssonar som syner område det ikkje skal byggast bustadar, skule og barnehage. Det står ikkje noko om kva høgspentanlegg kommunen har, eller omfanget av omsynssonene rundt desse. Fylkesmannen kan derfor ikkje vite om omsynssonene er tilstrekkelege til å dekke område med magnetfelt over 0,4 µT.

Vurderingar rundt omfanget av omsynssonene må synleggjerast i ROS-analysen. Vi gjer merksam på at netteigar er pålagt å gje informasjon om magnetfelt, og kva avstand som gjev magnetfeltnivå lågare enn 0,4 µT.

#### *Ustabil grunn*

ROS-analysen omtalar faren for ustabil grunn. Kommunen er ikkje kjent med problem knytt til ustabil grunn, men meiner ein likevel må vise aktsemd i område under marin grense.

Planføresegnehene stiller krav til undersøking av grunntilhøva under marin grense. Om kommunen ynskjer å avgrense område med fare for ustabil grunn/kvikkleire ytterlegare kan ein nytte NVE sin rettleiar «*Sikkerhet mot kvikkleireskred*».

### *Stormflood/havnivåstiging*

Stormflood inkludert havnivåstiging er eit tema i ROS-analysen. Analysen tek utgangspunkt i DSB sin rettleiar «*Havnivåstiging og stormflood*» ved vurdering av returnivå for 20-, 200- og 1000-årsstormflood (inkludert havnivåstiging). Fylkesmannen saknar ei vurdering av kor sårbar kommunen er for stormflood og havnivåstiging. Til dømes om utbyggingsareal/infrastruktur allereie i dag er utsett for stormflood, og korleis havnivåstiging vil påverke framtidig arealbruk i kommunen.

Vi stussar over vurderinga i analysen der det står at tiltak som ikkje toler overfløyming eller ikkje er dimensjonert for stormbølgjer blir etablert på kote 2,6 eller høgare. Dette fordi analysen i setninga før har skildra at vind- og bølgjepåverknad ikkje er inkludert i tala, og må inkluderast i vurdering av trygg byggehøgde. Dette betyr at i enkelte tilfelle kan kote 2,6 vere tilstrekkeleg, medan i andre tilfelle vil vind- og bølgjeforhold gjere det naudsynt med ei høgare kote for å tilfredsstille tryggleikskrava i TEK17. Dersom ROS-analysen skal gjere ei vurdering av generell trygg kote for *heile* kommunen, bør dette gjerast med utgangspunkt i «føre-var»-tankegangen, og heller vere på den meir konservative sida.

### *Brann, eksplosjon og sløkkevatn*

I ROS-analysen knytt til brann og eksplosjon kjem det fram at kommunen har verksemder med brann- og eksplosivfarlege stoff. Det hadde her vore interessant om kommunen i tillegg skreiv noko om eventuelle særskilte brannobjekt (§ 13 i brann- og eksplosjonsvernlova), og om nokre av desse bør følgjast opp med tiltak i kommuneplanen sin arealdel. Her føreset vi òg at det lokale brannvesenet har vore involvert i ROS-analysen. Brannvesenet er òg aktuelle å involvere i fleire av dei vurderte tema i analysen. Om dei ikkje har vore involvert, vil vi sterkt oppmøde om dette.

I analysen står det at det generelt gjeld eit krav om auka aktsemd ved planlegging av endra arealbruk nær industri/næringsverksemder med brann- og eksplosivfarlege stoff. Det står ikkje noko om korleis kommunen skal sikre slik aktsemd, eller om dette er noko som kan/skal følgjast opp gjennom kommuneplanen sin arealdel.

ROS-analysen trekk spesielt fram hytteområde som område der det må leggjast til rette for tilstrekkeleg kapasitet på V/A og framkome for naudetatar. Det står ikkje noko i ROS-analysen om kvar dette kan vere ei utfordring. I føresegnene er det krav om tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet ved alle utbyggingsarbeid, men kva med område som allereie er utbygd? Har denne tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet, eller bør kommuneplanen sin arealdel nyttast for å gjennomføre/planlegge tiltak? Tilsvarande med område der kommunen vurderer at tilkomsten for naudetatar ikkje er tilfredsstillande.

### *Transport av farleg gods langs veg og risiko for trafikkulukke*

ROS-analysen vurderer fare for trafikkulykker og transport av farleg gods. Kommunen har kjennskap til område med trafikkulykker. I ROS-analysen står det at arealplanlegging er godt verkemiddel for å styre trafikken, og på denne måten redusere tal trafikkulykker. Det står ikkje noko om korleis dette eventuelt skal gjerast i kommuneplanen sin arealdel. Fylkesmannen saknar ei vurdering av korleis kommuneplanen kan nyttast for å medverke til å redusere trafikkfarene. Vi ser at kommunen startar rullering av sin trafikktryggingsplan hausten 2019. Kanskje kommunen allereie no har kjennskap til trafikktryggingstiltak som bør sikrast gjennom kommunen sin arealplan? Eller om det er funn frå gjeldande trafikktryggleiksplan som bør sikrast i arealdelen? Eventuelt om det er forhold avdekka gjennom denne ROS-analysen som må følgjast opp i rulleringa av trafikktryggingsplanen. Slike vurderingar bør kome fram av analysen.

### *Ureina grunn*

I ROS-analysen står det at fleire lokalitetar i kommunen opplev ikkje akseptabel ureining i grunnen. Det finst òg lokalitetar der ein mistenker ureining. ROS-analysen skildrar kva lokalitetar det gjeld, men vi kan ikkje sjå at kommunen har gjort ei nærmere vurdering av korleis ein planlegg å handtere kjent risiko. Mellom anna bør det vurderast om gjeldande og framtidig arealbruk er rett arealbruk i desse områda, og om arealplanen skal sette restriksjonar på kva tiltak/arealbruk som skal tillatast i område med ureina grunn.

### *Drikkevassforsyning og nedbørsfelt drikkevatn*

ROS-analysen skildrar kort kvar kommunen har drikkevassforsyning. Det står ikkje noko om det er tilfredsstillande kapasitet i alle kommunen sine område.

For å redusere risikoen for ureining og fare for vassforsyninga er det lagt inn omsynssone rundt nedbørsfeltet for drikkevatna i kommunen. Innanfor sona er det ikkje tillat med tiltak som kan forringe vasskvaliteten. Vidare kjem det fram av analysen at auka bruk av nedbørsfeltet i friluftsamanheng er uheldig for drikkevassforsyninga. Vi saknar ei vurdering av korleis kommunen kan nyte kommuneplanen sin arealdel, ev. andre planar, til å styre friluftsliv unna sårbare nedbørsfelt. Til dømes gjennom kvar og korleis kommunen kan legge til rette for friluftsliv andre plassar enn i nedbørsfelt.

Fylkesmannen har **motsegn** til planen inntil ROS-analysen er utført i samsvar med kravet i pbl. § 4-3. ROS-analysen gjev ikkje kommunen eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å unngå arealdisponering som skapar ny eller auka risiko og sårbarheit. Som eit hjelpeinstrument viser vi til DSB sin rettleiar for ROS-analysar i arealplanlegginga. Eit gjennomgåande krav til ROS-analysen er at alle kjelder, føresetnadane og resonnement bak konklusjonane skal vere dokumentert og kunne etterprøvast. Vidare bør utarbeiding av ROS-analyse knytt til kommuneplanen sin arealdel gjerast med tverrfagleg involvering frå kommunen. Resultatet av ROS-analysen skal innarbeidast i planskildringa og konsekvensutgreiinga.

### Konsekvensutgreiinga

Samfunnstryggleik er ein del av vurderingane i KU. Vi kan ikkje alltid sjå grunnlaget for kvifor nokre område hamnar i grønt, gult eller raudt. Dette gjer oss usikre på om kommunen har det rette/beste kunnskapsgrunnlaget til å ta stilling til utbygging i enkeltområde ut frå vurderingane i KU. Når ROS-analysen er gjennomført i tråd med pbl. § 4-3 må kommunen gå gjennom KU på nytt. Kommunen må vurdere om (ny) kunnskap avdekkja i ROS-analysen gjev grunnlag for nye vurderingar av samfunnstryggleik for enkeltområde i KU.

### Oppfølging av funn avdekkja i ROS-analysen

Sjølv om ROS-analysen er mangelfull, er det avdekkja fleire risiko- og sårbarheitstilhøve som må følgjast opp i kommuneplanen sin arealdel. Fylkesmannen har motsegner og merknadar som omhandlar oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit. Vi gjer merksam på at når kommunen utarbeider ROS-analysen i samsvar med pbl. § 4-3, og i tråd med våre merknadar, kan dette avdekke andre/nye risiko- og sårbarheitstilhøve som må takast omsyn til. Dersom desse (nye) forholda ikkje følgjast opp i planen eller brukast ved vurdering av samfunnstryggleik i KU, kan Fylkesmannen kome med nye motsegner ved neste høyring.

### *Skred*

Område med potensiell fare for skred er vist med omsynssone H\_310 i plankartet. Det er òg utarbeida eige temakart for skred. I plankartet og i temakartet er NGI sitt aktsemeldskart for «snøskred og steinsprang» nyttta for å avgrense område med potensiell skredfare. NGI sitt aktsemeldskart dekker

ikkje alt arealet i kommunen, noko kommunen sjølv skriv i planomtalen. Dette gjer at plankartet og temakartet gjev eit feil inntrykk av potensiell skredfare i kommunen. For dei områda som ikkje er dekka av NGI sitt aktsemdskart, eller faresonekartlagt, må ein nyte NVE sine aktsemdskart. Vi minner om at gule felt i NGI sitt aktsemdskart er område som ikkje har blitt vurdert av NGI. Vi kan heller ikkje sjå at kommunen har nytt NVE sitt aktsemdskart for jord- og flaumskred.

Delar av kommunen er skredfarekartlagt i regi av NVE. Desse områda er vist som bestemmelsesområde BO\_1 til 13 i plankartet. Plankartet syner ikkje den reelle skredfaren i bestemmelsesområda. I planføresegn § 4.5 viser kommunen til BO\_S1 for 100-årsskredet, BO\_S2 for 1000-årsskredet og BO\_S3 for 5000-årsskredet. Vi kan ikkje sjå at plankartet eller temakartet viser til liknande skredfaresoner. Fylkesmannen meiner at avdekka reell skredfare skal synast som omsynssone i plankartet, ikkje bestemmelsesområde, jf. pbl. § 11-8. Vidare har kommunen andre skredfarekartleggingar som dekker (større) delar av kommunen. Desse bør òg innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel som omsynssoner.

Planen må vise alle potensielle skredfaresoner som omsynssoner (H310) i plankartet. Dette inkluderer NVE sine landsdekkande aktsemdskart for snøskred og steinsprang i område som ikkje er dekka av NGI sitt aktsemdskart, og NVE sitt aktsemdskart for jord- og flaumskred. Til omsynssonene skal det knytast føresegn som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot skred, jf. TEK17 § 7-3.

Kommunen må syne kartlagde skredfaresoner som omsynssoner (H310) i plankartet, ikkje som bestemmelsesområde. Ulike årlege nominelle sannsyn skal synleggjera i plankartet. Til kvar omsynssone skal det knytast tilhøyrande føresegn som sikrar tilstrekkeleg tryggleik jf. TEK17 § 7-3. Når kommunen viser reell fare i avgrensinga av omsynssone for skred i kommuneplanen sin arealdel, vil dette gje eit betre kunnskapsgrunnlag til seinare planlegging.

Kommuneplanen sin arealdel sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik mot skred. Inntil dette sikrast i tråd med våre merknadar over, har Fylkesmannen motsegn til planen, jf. pbl. 28-1 og TEK17 § 7-3.

#### *Sekundærverknad av skred (flodbølgje)*

Kommuneplanen sin arealdel har ikkje blitt nytta til å avklare forhold til utbygging, overvaking og beredskap for utbygging i oppskyllingsområde for flodbølgje, jf. TEK17 § 7-4 bokstav e). Sidan kommunen ikkje nyttar unntaksvilkåra i TEK17 § 7-4, må utbyggingsområde tilfredsstille tryggleikskrava i TEK17 § 7-3. Dette betyr i *utgangspunktet* at kommunen i kommuneplanen sin arealdel ikkje kan regulere for S2-tiltak innanfor 1000-årsskredet (flodbølgje) eller S3-tiltak innanfor 5000-årsskredet (flodbølgje). Vidare er det nokre tiltak der konsekvensen av sekundærverknad av skred er særleg stor, og desse skal ikkje plasserast i skredfarlege område, jf. TEK17 § 7-3 første ledd.

For byggverk som ikkje omfattast av TEK17 § 7-3 første ledd kan det *likevel* tillata utbygging i område med fare for flodbølgjer som skuldast fjellskred, der vilkår a) - e) i TEK17 § 7-4 er oppfylt. Fylkesmannen kan ikkje sjå at desse vilkåra er oppfylt i kommuneplanen sin arealdel. Arealføremål som ligg i flodbølgjeutsett område som overstig tryggleikskrava i TEK17 § 7-3 må enten endrast slik at tiltak kan realisera i tråd med planen, eventuelt må kommunen stille krav til at tiltak innanfor faresonen, om dei ikkje tilfredsstiller tryggleikskrava i TEK17 § 7-3, må avklarast i ein overordna plan i samsvar med unntaksvilkåret i TEK17 § 7-4.

Fareområdet for oppskyllingssonen etter fjellskred er vist med omsynssone H\_310\_0 i plankartet. Det er ikkje skilt mellom 1000- og 5000-årsskredet, sjølv om dette er kartlagt fleire stadar i kommunen. Fylkesmannen meiner kommuneplanen sin arealdel må syne 1000- og 5000-årsskredet i plankartet

som omsynssone (H310) der desse er kartlagt. Til kvar av omsynssonene må det knytast føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik, jf. TEK17 § 7-3.

Vi ser at nokre plassar nyttast kartkode H390 for å syne område med fare for flodbølgje. Vi minner om at flodbølgje er sekundærverknad av skred, og kartkode H310 skal nyttast.

Kommuneplanen sin arealdel sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik mot sekundærverknad av fjellskred (flodbølgje). Inntil dette er sikra i samsvar med våre merknadar over, har Fylkesmannen **motsegn** til planen, jf. pbl. 28-1 og TEK17 § 7-3.

Fylkesmannen gjer elles merksam på at omsorgsbustad og barnehage som ligg innanfor 5000-årsflodbølgje som følgje av fjellskred ikkje kan realiserast etter TEK17 § 7-3. Dette er òg tiltak som ikkje kan realiserast etter unntaksvilkåret TEK17 § 7-4. Etter vår vurdering skal ikkje kommunen regulere til føremål som ikkje kan realiserast etter gjeldande lov og forskrift. Denne avklaringa er oppe til KMD i samband med områderegulering Geiranger.

#### *Flaum*

For å sikre tryggleik mot flaum og erosjon har kommunen satt krav om byggjegrense langs vassdrag, bekkar og elvar. Føresegn § 3.5.6 viser til byggjegrense på 20 meter for bekker/vassdrag med nedbørsfelt mindre enn 20 km<sup>2</sup>, og 70 meter for vassdrag med nedbørsfelt større enn 20 km<sup>2</sup>. Som vi skreiv i vår merknad til ROS-analysen, saknar vi ei vurdering på kvifor 70 meter er tilstrekkeleg for desse vassdraga, og om det er tilstrekkeleg å berre sikre byggjegrense mot vassdrag med årssikker vassføring. Vi gjer elles merksam på at § 2.11 set ei byggjegrense på minst 50 meter frå elvekant. Dette gjev motstridane signal i planføresegnene om kva avstand som gjeld for vassdrag/elvar.

Føresegn § 3.5.6 gjev forbod mot tiltak etter pbl. § 1-6 innanfor byggjegrensa. Fylkesmannen meiner kommuneplanen kan opne for tiltak innanfor byggjegrensa, men då må det ligge føre dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik mot flaum- og erosjonsfare, jf. TEK17 § 7-2. Dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik skal ligge føre seinast på siste plannivå. Det er ikkje mogleg å skyve avklaring av reell fare til byggjesak.

Dersom det er område i kommunen der det er gjennomført flaumfarekartlegging, tilrår vi at desse synast i planen. Til dømes med omsynssone som viser reell flaumfare, og føresegner knytt til omsynssonene som sikrar tilstrekkeleg tryggleik, jf. TEK17 § 7-2.

Fylkesmannen har **motsegn** inntil ROS-analysen dokumenterer at 70 meter er tilstrekkeleg avstand frå vassdrag, og om det er tilstrekkeleg å berre setje byggjegrense mot vassdrag med årssikker vassføring, jf. pbl. 28-1 og TEK17 § 7-2.

#### *Ustabil grunn*

Planføresegn § 2.25 sikrar at før det kan gjerast tiltak etter pbl. § 1-6 under marin grense skal det dokumenterast tilfredsstillande tryggleik av grunntilhøva. Vi gjer merksam på at reell fare skal avklarast seinast på siste plannivå, og kan ikkje utsetjast til byggesaksnivå. Føresegna må derfor endrast slik at det er eit krav om at reell fare for ustabil grunn/kvikkleire avklarast/dokumenterast seinast på siste plannivå. Inntil planen sikrar at reell fare for ustabil grunn/kvikkleire avklarast seinast på siste plannivå (detaljregulering), har Fylkesmannen **motsegn** til planen, jf. pbl. 28-1 og TEK17 § 7-3.

Vi vil vidare tilrå at område med potensiell fare for ustabil grunn/kvikkleire visast som omsynssone i plankartet med tilhøyrande føresegn som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Dette i staden for ein generell

føresegn. Dette blir spesielt relevant dersom kommunen gjennom ROS-analysen i større grad klarar å avgrense område med potensiell ustabil grunn. Til dømes ved å nytte NVE sin rettleiar «*Sikkerhet mot kvikkleireskred*». Eventuelt kan kommunen syne område med potensiell fare for ustabil grunn/kvikkleire i eit temakart (som kan gjerast juridisk bindande).

### *Stormflood/havnivåstiging*

I ROS-analysen har kommunen tatt utgangspunkt i DSB sin rettleiar «*Havnivåstiging og stormflood*» ved vurdering av returnivå for 20-, 200- og 1000-årsstormflood (inkludert havnivåstiging). Ulike returnivå er òg synleggjort i føresegn § 2.15. Føresegna stiller krav til vurdering av lokale vind- og bølgjeforhold ved «*regulering/byggjesøknad*». Fylkesmannen minner om at vurdering av reell fare ikkje kan utsettast til byggjesøknad. Vurdering av lokale vind- og bølgjeforhold må sikrast seinast på siste plannivå. Inntil planen sikrar at reell fare for stormflood (inkludert havnivåstiging og vind- og bølgjeforhold) avklarast seinast på siste plannivå (detaljregulering), har Fylkesmannen **motsegn** til planen, jf. pbl. 28-1 og TEK17 § 7-2.

Føresegn § 2.15 opnar opp for at F1- og F2-tiltak kan plasserast lågare enn trygg byggjehøgde, men konstruksjonen under trygg byggjehøgde skal konstruerast for å tote overfløyming og bøljepåverknad. Fylkesmannen vil generelt rá frå at kommunen opnar for ei slik løysing for F2-tiltak, med unntak av rorbuer. Vidare bør føresegn § 2.15 presisere at ved vurdering av lokal vind- og bølgjepåverknad kan reell trygg kote for tiltak bli høgare enn minimumskrava kommunen viser til.

### *Elektromagnetisk felt*

I vår merknad til ROS-analysen skrev vi at omfanget/utstrekninga av omsynsonene ikkje var synleggjort, og vi derfor ikkje visste om omsynssonene var tilstrekkelege til å dekke område med magnetfelt over  $0,4 \mu\text{T}$ . Dette må derfor synleggjera i ROS-analysen. Vi gjer merksam på at krav til avstand frå høgspentliner etter el-tilsynslova (som er referert til i føresegn § 4.1.3), sjeldan samsvarar med avstand frå høgspentliner før magnetfeltet kjem under  $0,4 \mu\text{T}$ .

Område med magnetfelt er vist med omsynssone H\_370 i plankartet. Tilhøyrande føresegn § 4.1.3 sikrar at det ikkje skal byggjast skule, barnehagar eller bustadar innanfor sona. Samtidig stiller føresegna krav til måling av magnetfelt om ein er usikker på om magnetfeltet overstige  $0,4 \mu\text{T}$ . Dette, saman med mangelfull synleggjering av vurderingar i ROS-analysen, medverkar til vår uvisse knytt til omfanget av omsynssonene. Fylkesmannen har **motsegn** inntil ROS-analysen dokumenterer tilstrekkeleg tryggleik mot magnetfelt, jf. pbl. 28-1.

Planføresegn § 2.4 skildrar unntak frå plankrav (ikkje regulerte areal). Vi gjer merksam på at dersom tiltak skal kunne realiserast direkte med heimel i kommuneplanen sin arealdel, må kommunen ha sikra at krav om kartlegging, risikovurdering og oppfølging på reguleringsplannivå er varetatt gjennom kommuneplanprosessen. Dette betyr at § 2.4 berre kan gjelde i område der kommuneplanen har avklart at det ikkje eksisterer fare (reell eller potensiell). Vi ber om at dette presiserast i føresegna.

### **Støy**

Støy bør vere ein sentral del i kommuneplanens arealdel. Ein bør kartlegge og synleggjere moglege støykjelder i kommunen, og vise dei viktigaste støykjeldene med omsynssone i plankartet. Det skal knytast føresegner til desse sonene. Stranda kommune har lagt inn omsynssoner for vegstøy. Vi rår til at kommunen vurderer om også andre støykjelder bør synleggjera som omsynssoner i plankartet.

Det må settast som eit generelt krav i føresegne om at retningslinje T-1442 skal leggast til grunn i alle nye planar og tiltak. Slik det ligg i føresegne gjeld dette berre for omsynssone støy. Det må presiserast at det skal stillast krav til støy også ved gjennomføring av enkeltsaker og tiltak i medhald av eldre reguleringsplanar der kanskje støy er mangelfullt ivaretatt. Fylkesmannen har **motsegn** til planen inntil dette er sikra.

#### BFR\_4 Fritidsbustad

Konsekvensutgreiinga opplyser om at området er om lag 47 daa, medan ei oppmåling i gislink viser at det er nærmere 300 daa som er avsett til fritidsbustad. Arealet gjeld Lien hyttegrend, som har vore gjennom ein lengre reguleringsplanprosess, der oppstart for planen var i 2010. Vedtatt reguleringsplan vart påklaga, og Fylkesmannen oppheva vedtak om godkjenning av reguleringsplanen i brev av 21.06.2018. Tilkomstveg til planområdet var den gong planlagt frå Hevdalen. I klagesakshandsaminga fann Fylkesmannen at tilkomstvegen ville påføre klagarane driftsmessige ulemper for både skogbruket og sauehaldet. Etter ei konkret og heilskapleg vurdering fann vi at det oreigningsrettslege vilkåret om interesseovervekt ikkje var oppfylt, og at kommunen sitt godkjenningsvedtak var ugyldig. I planforslaget som no ligg på høyring er det lagt inn tilkomstveg v\_15 tilknytta Fursetvegen (fv 81/fv.5922).

Saman med planlagt utviding av skitrekket slik BIA\_3 legg opp til, vil ein transportmengda langs Fursetvegen auke. Ved førre reguleringsplanprosess for Lien hyttegrend la ein opp til om lag 140 fritidsbustadeiningar. Dette kan føre til forverra støytilhøve for støyfølsame bygningar langs desse vegane. Dagens ÅDT er låg, men saman med BIA\_4 Idrettsanlegg, nedfartar, turløyper og skitrekk, legg ein opp til ei betydeleg auke i trafikk på Fursetvegen. Slik sett bør ei støyfagleg utgreiing leggast til grunn før utbygging av BFR\_4 og BIA\_4, i tilfelle denne utbygga vil føre til forverring av støytilhøva for støyfølsame bygningar ved Fursetvegen. Vi rår til at ein gjer ei vurdering av dette no og følgast opp ved vidare regulering.

#### BFR\_9 – fritidsbustader

Store delar av arealet ligg innanfor gul støysone. Vi stiller spørsmål om arealet er eigna til støyfølsamt bruksføremål. Arealet bør trekkast ut av støysona slik at området i sin heilheit ikkje ligg støyutsett til.

#### BRU\_1 Masseuttak

Masseuttaket er lagt rett ved sida av eit areal for fritidsbustad. Fritidsbustad er støyfølsamt bruksføremål. Området er også oppgitt til å vere friluftsområde med regional verdi. Av konsekvensutgreiinga går det fram at ein legg opp til støyande verksemد i utkanten av stort hytte- og utfartsområde. Vi stiller spørsmål om dette er eigna plass for masseuttak, og om ei framtidig regulering vil kunne klare å ta tilstrekkeleg omsyn til støy.

#### BAB\_0 Massedeponi

Massedeponiet er lagt like ved idrettsanlegg (hoppbakke) som er i bruk av blant anna barn og unge. Det er uheldig å legge desse formåla så tett. Tiltaket kan kome i konflikt med friluftsinteressene og barn og unge. Det er viktig at aktivitetane frå massedeponi avgrensast i tid og rom slik at ein ikkje legg opp til trafikkfarlege situasjonar i tillegg til støykonfliktar.

#### Barn og unge

Det er flott at barnetrakk er gjennomført og brukt som grunnlag i utarbeidingsa av planforslaget. Igjen saknar vi ei synleggjering av korleis kommunen har nytta resultatet i utarbeiding av planforslaget. Vi les at barnetrakk er gjennomført ved fire av skulane i kommunen. I tillegg er det

gjennomført møte med elevråda ved skulane, samt fleire andre møter med barn og unge i ulike delar av kommunen. Det er satt krav i føresegner at barnetrakk skal vere vurderingstema i reguleringsprosesser. Vidare er viktige leikeplassar/friareal frå gjeldande reguleringsplanar tatt inn i plankartet for å sikre viktige areal for barn og unge. I tillegg stillar føresegner klare krav til leikeareal ved framtidig utbygging.

Planomtalen burde ha synleggjort i kva grad barn og unge har hatt ei reell påverknadskraft på planforslaget. Dette er svært kortfatta kommentert i kapittel 3.1 i planomtalen. Alt i alt har vi likevel inntrykk av at kommunen har hatt ein god planprosess med inkludering av barn og unge, og at planforslaget sikrar gode areal for denne brukargruppa i framtida. For barn og unge har vi følgjande merknader til enkeltområde:

#### BOP 4 Offentleg eller privat tenesteyting – barnehage og skule (brannstasjon)

Dei fleste bustadområda i Stranda ligg på oversida av Hevdsalsvegen. Det må etablerast trygge kryssingspunkt før etablering av skule her. Ved å flytte skulen vil nokre barn og unge på lengre skuleveg enn før, nokre vil få kortare. Ei slik vurdering av konsekvens og med fokus på samordna bustad, areal og transport burde vore innlemma i planomtale og konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga gir ikkje eit veldig godt beslutningsgrunnlag for å etablere skule her, men vi ser fordelande med å samle barneskulen med ungdoms- og vidaregåande skule. Føresegner bør sette eit rekkefølgjekrav om at det skal etablerast trygg skuleveg for barn og unge ved framtidig regulering. Dette kjem vi til å fokuser på i reguleringsplanprosessen.

#### B3 Bustad

Dette bustadarealet er lagt inntil framtidig skuleområde. Folk som busetter seg her må krysse Hevdsalsvegen for å kome over på gang- og sykkelvegen som ligg på nordsida av vegen. Slik sett bør ein etablere dette bustadområdet etter at ny skule og trygg skuleveg allereie er bygd ut, slik at ein også sikrar trafikktryggleiken for dei som skal bu i dette området.

#### BIA 4 – Idrettsanlegg – nedfarter, turløyper og skitrekk

Utviding av skitrekk og løyper hit vil føre til behov for parkeringsareal i tillegg til ei auke i biltransport på Ødegårds- og Langlovegen. Dette er også skuleveg for fleire barn og unge, og ei slik utbygging bør ikkje finne stad før gang- og sykkelveg er oppretta langs vegen.

#### **Konklusjon**

Fylkesmannen, NVE og Statens vegvesen har fremma ei rekke motsegner til planen. Vi ber kommunen gå gjennom desse og gjere ei vurdering på korleis desse kan løysast. Det er gjort mykje bra arbeid med planen, og vi ber kommunen ha med seg at dette er ein god start mot ny og oppdatert arealdel for kommunen. Fylkesmannen og dei andre statsetatane vil vere ein medhjelpar i prosessen vidare. Vi ber ut frå dette om at kommunen kalle inn til eit dialogmøte der vi kan gå gjennom motsegner og drøfte korleis desse kan løysast.

#### **Med helsing**

Berit Brendskag Lied(e.f.)  
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland  
fagsjef-plansamordning

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

**Fagsaksbehandlar**

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Føresegner: Bente Thornes Kosberg, tlf. 71 25 84 78

**Kopi**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen, Postboks 8142 Dep, 0033 Oslo

NVE-Vest, Naustdalsvegen 1b, 6800 Førde

Mattilsynet, Felles postmottak Postboks 383, 2381 Brumunddal

Kystverket, Postboks 1502, 6025 Ålesund

Fiskeridirektoratet, Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen

Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim

**Vedlegg**

NVE sitt brev

Statens vegvesen sitt brev